



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 01.06.2016

---

**Sak nr.:** 16/1116-47

**Internt l.nr.** 18958/16

**Sak:** 55/16

**Tittel:** Tannhelsetenesta - ein framtidsetta klinikk- og tenestestruktur

### Behandling:

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.
2. Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.
3. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.

### Endringsframlegg:

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg:

Endring av pkt 1: «..reduserer talet til 19...». Ta ut «Selje». Kalle punktet 1.a.

Nytt pkt 1.b: Selje tannklinikk vert oppretthalden som ei avdeling /ambuleringsklinikk under Måløy eller Eid tannklinikk.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg:

Sentralklinikane og Måløy tannklinikk skal ha utvida opningstider.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlegestolar får overta dei vederlagsfritt.

### Avrøysting:

Trude Brosvik og Marita Gunn Aarvik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti, og framlegget fall.

Framlegga frå fylkesutvalet og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedtekne endringsframlegg, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane reduserer talet på tannklinikkar frå 28 til 18 innan 01.01.2019. Tannklinikane i Naustdal, Vassenden, Sande, Svelgen, Dale, Selje, Balestrand, Leikanger, Innvik og Hornindal vert avvikla.
2. Førde, Askvoll og Høyanger tannklinikkar vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar.
3. Sentralklinikane og Måløy tannklinik skal ha utvida opningstider.
4. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderer forskrifta for dekking av skysstgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst for behandling til gode. Fylkestinget får revidert forskrift til handsaming i desember 2016.
6. Kommunar som ynskjer å overta ledige tannlegestolar får overta dei vederlagsfritt.